

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

PLAN- OG UTBYGGINGSSJEFEN

Kontor: Leikanger — Telefon: Leikanger (056) 53411

Postadresse: 5840 Hermansverk

Årdal kommune
Teknisk etat

5875 ÅRDALSTANGEN.

Årdal Kommune	
Innbyggertall: 15.382	
Postnummer: 5875	
860	

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

481/82 BFR/mar

8.03.82

Sakshandsamar: Bjørn Falck Russenes

SKREDFAREVURDERING - TIMMERSLETTI - ÅRDAL.

Etter avtale sender ein rapport frå synfaringa ved
Timmersletti 21.10.81.

Ragnar Høgelid
plan- og utbyggingssjef

Anker Ryhl

SKREDFAREVURDERING FOR PÅTENKT BUSTADFELT VED TIMMER- SLETTI - UTLADAL - ÅRDAL.

INNLEIING

Etter oppmoding frå Årdal kommune, ved teknisk etat, vart det 21.10.81 føretatt synfaring ved Timmersletti med tanke på vurdering av skredfare og eventuell avgrensing av denne.

Frå kommunen var desse tilstades:

Reg.ark. Jon Erdal og
avd. ing. Arne Seim

GRUNNLAGSMATERIALE

Som grunnlagsmateriale er nytta kart i M=1:5.000 og 1:1.000 samt flybilete i ca. M=1:8.000.

Vidare har ein dels gjort seg nytte av rapport frå Universitetet i Bergen, Avd. B.: T.N. Olsen, 1981: "Utlavassdraget - Kvartærgeologiske og geomorfologiske undersøkelser". - 10 års vernede vassdrag, Rapport nr. 4 - Miljøverndepartementet.

STABILITETSTILHØVA

Utladalen er heller trong ved Timmersletti. Av di Utlå her svingar ut til eine sida av dalbotnen, er det blitt plass til nokre få gardsbruk. Fjellssidene er steile og når opp i høgder på 6-700 m før dei flatar av.

Langsmed fjellssidene er det spor etter massetransport i form av vasslaup og skreder. I foten av fjellsida har det derfor etterkvart bygd seg opp ei mengd skredvifter og uravsetningar. Desse er teikna inn på kartbilag 2 og 3.

Skredviftene er i det vesentlege bygd opp i tida like etter siste istids avsmelting. Massetransporten under dagens tilhøve er avgrensa til dei øvste delene av skredviftene. Langsmed einskilde skredfar er det likevel observert einskildblokker i utkanten av skredviftene. Tildels er det tale om ferskt skredmateriale. I sør-vestlege delen av feltet, mot Øvre Årdal, er dalsida noko meir prega av urmateriale. Fjellsida er her oppsprukke med store partier laust fjell. Det er påvist store blokker i ein labil posisjon. I denne delen av feltet er det registrert fleire ferske lausblokker ved

foten av ura og tildels nede på sletta. Lausblokkene er teikna inn på kartbilag 3.

Innafor det aktuelle utbyggingsområde er det registrert eit felt med såkalla blokkmark. Blokkmarka er for ein del overgrodd med gras og kratt, og består i hovudsak av runde steinblokker.

Blokkmarka kan vera danna ved at eit vanleg skredmateriale med tida er blitt utvaska av elva. Alternativt kan materialet vera avsett av elva i samband med ein flaumsituasjon.

Begge forklaringane føreset tilhøva slik dei var på staden like etter at isen drog seg tilbake og landet var turrt.

AVGRENSING AV BUSTADFELT


På grunnlag av dei registreringar som er gjort, har ein lagt fram eit utkast til avgrensing av bustadfeltet ved Timmersletti. Ein vil ikkje rå til at område ovanfor denne avgrensinga blir nytta til bustadføremål.

Det bør etablerast ei buffersone mellom husværa og faregrensa på rundt 10 m. Dersom det seinare skulle bli behov for det, vil ein då lettare kunne etablere naudsynte sikringstiltak.

Areala mellom vegen og Utlå er ikkje vurderte. For område nær elva vil ein måtte rekne med problem i form av skred og skredvind ved massetransport i fjellsida og ura på den andre sida av elva.

KONKLUSJON

Med omsyn til skredfare vil eit område ved Timmersletti kunne nyttast til bustadføremål. Sjå avgrensing på vedlagde kartbilag. Ein vil rå til at det mellom husrekkja og fareområde blir lagt inn ei buffersone i fall det blir behov for å sette opp ymse former for sikring.


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog